

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1852/2001**2020/EØS/18/19**

av 20. september 2001

om fastsetjing av nærmare reglar for å gjere visse opplysningar tilgjengelege for ålmenta, og for vern av opplysningar som er sende over i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 258/97(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 258/97 av 27. januar 1997 om nye næringsmidler og nye næringsmiddelingsredienser⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 5 og artikkel 10, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Røynsler har vist at det er naudsynt med nærmare reglar for vern av dei opplysningane som søkjarar legg fram, for å sikre at vurderinga av søknader i medhald av forordning (EF) nr. 258/97 vert gjort på ein tilfredsstillande måte.
- 2) Desse reglane bør sikre fortruleg handsaming av opplysningane om produksjonsprosessen dersom offentleggjering av slike opplysningar kan skade den konkurransemessige stillinga til søkjaren på ein urimeleg måte.
- 3) For å auke klarleiken med omsyn til dei framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 4 i forordning (EF) nr. 258/97, bør visse opplysningar om produkta som vert vurderte i samsvar med den artikkelen, og om resultatet av vurderinga, gjerast tilgjengelege for ålmenta. Desse opplysningane bør Kommisjonen gjere tilgjengelege på Internett.
- 4) Desse reglane bør vere i samsvar med den nye rettslege ramma som er fastsett i europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/18/EF av 12. mars 2001 om utsetting i miljøet av genmodifiserte organismer og om oppheving av rådsdirektiv 90/220/EØF⁽²⁾.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste næringsmiddelutvalet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. Kommisjonen, dei nasjonale styresmaktene i medlemsstaten og dei organa for vurdering av næringsmiddel som er nemnde i artikkel 4 nr. 3 i forordning (EF) nr. 258/97, skal ikkje gje vidare opplysningar som er fastsette som fortrulege i samsvar med nr. 3, bortsett frå informasjon som pga. særlege omstende må offentleggjerast for å verne menneskehelsa.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 253 av 21.9.2001, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 147/2015 av 11. juni 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 69 av 15.12.2016, s. 39.

⁽¹⁾ TEF L 43 av 14.2.1997, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 106 av 17.4.2001, s. 1.

2. Søkjaren kan oppgje i søknaden sin kva opplysningar om produksjonsprosessen som er sende inn i medhald av forordning (EF) nr. 258/97, som bør handsamast fortruleg fordi offentleggjering kan skade den konkurransemessige stillinga hans. I slike tilfelle må grunngjevinga kunne kontrollerast.

3. Den rette styresmakta i den medlemsstaten som har motteke søknaden, skal etter samråd med søkjaren avgjere kva opplysningar om produksjonsprosessen som skal handsamast fortruleg, og melde frå til søkjaren, det rette organet for vurdering av næringsmiddel og Kommisjonen om avgjerda si.

4. Kommisjonen skal sikre at medlemsstatane får melding om alle avgjerder han har motteke i medhald av nr. 3.

Artikkel 2

1. Når den første vurderinga av søknaden er gjort i samsvar med artikkel 4 nr. 1 i forordning (EF) nr. 258/97, skal Kommisjonen gjere følgjande opplysningar tilgjengelege for ålmenta:

- a) namn og adresse til søkjaren,
- b) ei utgreiing som gjer det mogleg å identifisere næringsmiddelet eller næringsmiddelingsrediensen,
- c) kva næringsmiddelet eller næringsmiddelingsrediensen er meint for,
- d) eit samandrag av søknaden bortsett frå dei delane som er fastsette som fortrulege i samsvar med artikkel 1 nr. 3,
- e) datoen for mottaking av heile søknaden.

2. Kommisjonen skal gjere den første vurderingsrapporten tilgjengeleg for ålmenta, bortsett frå dei delane som er fastsette som fortrulege i samsvar med artikkel 1 nr. 3, på følgjande måte:

- a) Dersom det ikkje vert gjort innvendingar i samsvar med artikkel 6 nr. 4 i forordning (EF) nr. 258/97, skal den første vurderingsrapporten gjerast tilgjengeleg for ålmenta etter at tidsrommet på 60 dagar som er nemnt i den artikkelen, er gått ut, og etter det tidsrommet som er naudsynt for å melde frå til søkjaren.
- b) Dersom det i samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 258/97 vert kravd ei avgjerd om løyve, skal den første vurderingsrapporten om mogleg gjerast tilgjengeleg for ålmenta samstundes som Vitskapsutvalet for næringsmiddel gjev fråsegna si, eller dersom ei slik fråsegn ikkje er naudsynt, samstundes som avgjerda vert offentleggjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 20. september 2001.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen
